



Festtitaren i båthamnalaurdag kl.11.

**På tredje året set me i gong folkefest i båthamna, med kjekke aktivitetar og Festtitaren. I år er det sjølvaste fjorårets vinnar som står i bresjen for Festtitaren. Den personlege trenaren og tidlegare festitarenvinnaren Marianne Korsvold, har eit team med gode damer rundt seg.**

Me er spente i år for å sjå om dei spreke festtitaren deltakarane kan bryte seiersrekka til damene, for av ein eller anna grunn er det damene som har festa grepet om denne konkurransen. I 2014 var det Tone Lillesletten som gjekk seirande ut av det, og i fjor var det Marianne som vann, og særskild var det øvinga med planken Marianne utklassa konkurrentane sine.

#### ÅRETS DELTAKARAR

Margretha Flatland har sloss mot isbjørner på Svalbard, og vunnet kvar gong. Men kan ho slå sprekingen Sindre Omvik som spring i frå dei fleste om dagen?

Den lokale Uskedalsjenta Solveig Haugland på 16 år er rask på ski, det samme er 56 år gamle Sjur Langesæter frå Rosendal, kan han visa at dei gamle er eldst?

Eller kanskje er det sjølvaste ordføraren vår, Peder Sjo Slettebø som stikk av med sigeren i år  
 Fotballspelaren Lene Mehl har god kontroll på ballen, medan fortattar Anders Totland er god med pennen, er dette egenskaper dei kan få nytte av i årets Festtitaren kanskje?

Skitrenar Bernt Rusten veit kva som skal til for å gjera andre spreke, men er han sprek sjølv?

Vi kan med sikkerhet sei at bonde-kåna og helsesøster Line Steffensen Holmedal frå Utåker er sprek, men det er ikkje nødvendigvis den sprekaste som vinn... Kom til Båthavna i Uskedalen på lørdag kl.11 og få med deg konkurransen og kåringa av årets Kongekrabbe!

Tekst og foto: Festidalen

Nett: Thor Inge Døssland